

Oppsummering av året i kyrkjelyden

Årsmelding 2020



INNLEING

Året 2020 var eit annleis år.

Året som skulle vere det store jubileumsåret der kyrkjelyden skulle markere at Os kyrkje fylte 150 år, blei ikkje som planlagt. 2020 blei året da koronapandemien la et teppe over Noreg, og kyrkja måtte dverre avlyse det meste av tiltak, arrangement, til og med gudstenester.

Dette vil kome fram i årsmeldinga i dei fleste kapitla.

ORGANISASJON

For Os sokn vart det fyrste året eit sokn under Bjørnafjorden kyrkjeleg fellesråd. Den nye organiseringa har ikkje hatt stor innverknad på kyrkjelydsarbeidet eller har ført til endring i staben. Men for soknerådet, administrasjonen og økonomien har det vore eit tilpasningsår.

Soknerådet

Soknerådet var sett saman slik: (Folkevalde for perioden 2019-2023)

Bente Brøvig Strømme (leiar), Per Gunnar Lunde Oseng (nestleiar), Christine Westgaard Lund Halland, Jorunn Hodneland, Inger Jonette Indset Botnevik, Jon Håkon Øen, Knut Inge Johnsen og Malin Nøss Vangsnes, samt sokneprest Margrethe Holmboe Askeland/Roar Evjedal Hallesby

Varamedlemmer: Arne Tveit, Nils Sørbø, Kjell Aadland, Thorstein Skårnes og Becky Ogwu Hesjedal

Os sokneråd hadde blant anna følgjande viktige saker:

- | | | | | | | |
|-------------------------|---------------------------------------------|------------------------------------------------------|----------------------|-----------------------------------------------|-------------------------------|--------------------------------------------------------------------|
| - Budsjett og rekneskap | - Tilsetting av sokneprest og kapellanvikar | - Smittevernreglar og gjenopning av kyrkjelydsarbeid | - Fordeling av offer | - Fjerna spileveggen i våpenhuset i Os kyrkje | - Rehabilitering av Os kyrkje | - Sette seg inn i kyrkjelydsarbeidet og bli kjend med dei tilsette |
|-------------------------|---------------------------------------------|------------------------------------------------------|----------------------|-----------------------------------------------|-------------------------------|--------------------------------------------------------------------|



STAB/TILSETTE

Kyrkjeverja leier Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd og har personalansvar for ute-seksjonen/driftsavdelinga i Os og Fusa.

Dagleg leiar har personalansvar for tilsette i staben til Os sokn.

Prestane er tilsette i Bjørgvin bispedøme med prost Kristin Litleré (Fana prosti) som leiar. Lokalt var prestetenesta leia av sokneprest Margrethe H. Askeland fram til august 2020. Sokneprest Roar Evjedal Hallesby tok over stillinga etter det.

I løpet av året gjekk sokneprest Margrethe H Askeland, driftsleiar Reidar Berge og kateket Hildur L. Lillestøl ut i pensjon etter mange og gode år i teneste i Os sokn.

Oversyn over medarbeidrarar:

Namn	Stilling
Kristine Fjeld	Kyrkjeverje (permisjon frå feb)
Harald Geir Sæther	Fung. Kyrkjeverje (feb →)
Linda Ekerhovd	Dagleg leiar
Elin O. Moberg	Konsulent
Monica Refsdahl	Konsulent
Inger-Johanne Haugland	Friv. koordinator
Ingrid Vik	Diakon
Gro Helen Skjælaaen	Barne- og familiearbeidar Kateket frå august
Hildur L. Lillestøl	Kateket (→ august)

STAB/TILSETTE

Oversyn over medarbeidrar :

Namn	Stilling
Lars Joar Hilleren	Ungdomsarbeidar
Malin Nøss Vangnes (vikar for ungdomsarbeidar)	Kyrkjelydsarbeidar (august-desember)
Hege Varhaug-Lekven	Kyrkjelydsarbeidar
Margrethe H. Askeland	Sokneprest (→ august)
Roar Hallesby Evjedal	Kapellan Sokneprest frå august
Svante Havåg	Vikarprest Prostiprest frå september
Anette-Emilie Gangstø	Kapellan (vikar oktober →)
Andrew Holman	Kantor
Anton Proskurnin	Organist
Reidar Berge	Driftsleiar (→ mai)
Kenneth Molland	Driftsleiar frå mai
Linn Kjerstin Østgulen	Annleggsgartnar/driftsmedarbeidar
Marianne Tveit	Driftsmedarbeidar
Øyvind Dreyer	Driftsmedarbeidar
Agnar Midtsæter	Kyrkjetenar/driftsmedarbeidar

Os kyrkje 150 år

23. august 1870 vart Os kyrkje vigsla av biskop Peter Birkeland. Sidan har kyrkja vore gudshus og kulturhus som har samla folk i bygda i fest og sorg, til dåp, bryllaup, gravferd, til vanlege søndagsgudstenester, til festgudstenester i høgtidene, og til konsertar og andre kulturarrangement. Tusentals av ungdom har blitt konfirmerte, og i 150 år har truvedkjenning og velsigning vorte sagt fram.

I samband med 150-års-jubileet valde soknerådet ei jubileumsnemnd for å planleggje feiringa gjennom 2020.

Desse arrangementa var planlagde:

Nyårsdag: Festgudsteneste kl 16.

Markera både at vi går inn i jubileumsåret og kommunesamanslåing av Os og Fusa
Gudstenesta vert lagt til ettermiddagstid, så det er mogleg å gå direkte frå kyrkja til fellesfyrverkeri

Deltaking i gudstenesta frå begge sider av fjorden

Februar: Historisk foredrag i storsalen

Forslaget frå komiteen er å utfordra Mari Lyssand til å ha eit historisk foredrag om bygginga og historia til Os kyrkje

Mars: Korkonsert i kyrkja

Samla så å seie alt av kor til ein felles konsert i kyrkja: Shabadubs, Tunet barnekor, Tween Sing, Join Us, kyrkjekoret, Os vocalis, Nornekoret, Fonos, Os mannskor og andre kor

Kwart kor syng 2-3 songar kvar. Felles song til slutt: Ossongen, evt Jimmy Øvredals salme til Oskyrkja (skrive til 125-årsjubileet)

April: Barne-og familiearrangement etter påske

Samarbeid fredagstaco og laurdagssprell?

7. juni: Sommarfestgudsteneste kl 12

Nykomponert, lokal messe

Tonje Hernes blei spurde om å komponera pre- og postludium

Norvald Kobbeltvedt blei spurde om å komponera messeledd

Bruk av lokale salmar i tillegg:

Berande skatten av Bratlund/ Kobbeltvedt

Jimmy Øvredals jubileumssalme til 125-årsjubileet

Dåpssalme av Bratlund/Kobbeltvedt viss dåp



Tur på gamle kyrkjevegar i forkant

Oselvar frå Ferstad til Osøyro. Samarbeid med
Oselvarverkstaden/Oselvarnaustet

Frå Nore Neset via Moberg og ned Likbrekko. Samarbeid med Os turlag?

23. august: Jubileumsgudsteneste

Kyrkja vart vigsla 23. august 1870. Naturleg at sjølve jubileumsgudstenesta blir same dag når den fell på ein søndag.

Deltaking av biskop

Musikalsk deltaking frå Os musikkforening/ kor

September: Ungdomsarrangement

Ungdomane får frie tøyler og eit budsjett for å laga noko til

Oktober: Kongshaugdag

Utfordra Kongshaug til å gjere noko i samband med Kongshauggudstenesta

November: Konsert med komposisjonar av lokale komponistar

Konsert med verk av Ole Bull, Henrik Lyssand, Jimmy Øvredal, Norvald Kobbeltvedt, Aasmund Brekke m.fl.

Desember: Den lokale messa frå sommarfesten blei brukt i ei av adventsgudstenestene

Ikkje tidfesta/ tilskipinga gjennom året

Teiknekonkurranse på barneskulane m/ utstilling

Marie og Elin følgjer opp Line Rye

Intervju i Os og Fusaposten (jfr Kyrkjefolk av Egon Askvik)

Roar og Marie følgjer opp redaktøren

«Temanummer» av kyrkjebladet nr 1 2020

Soknerådet løyvde 100.000 kr til feiringa. I tillegg fekk vi 15.000 frå lokale sponsorar og banner frå Loops. I mars såkte nemnda om stønad frå eit legat til bestillingsverk av lokale komponistar. Diverre var svaret nei. På grunn av korona-situasjonen var det berre gudstenesta nyårsdag det historiske føredraget som vart gjennomført som planlagt. Sjølve jubileumsgudstenesta 23. august vart og gjennomført til planlagt tidpunkt, men med avgrensa tal, og til dels førehandspåmelde deltakarar.

Tonje Hernes komponerte «Jubilate» for saksofon og orgel som blei framført på Margrethes avskjedsgudsteneste i juni og på jubileumsgudsteneste 23.08.

Norvald Kobbeltvedt komponerte «Folketonemesse» for solist, kor og instrumentar, som skulle vore 07.06, blei urframført 20.09.

Aasmund Brekke komponerte «Jazzmesse» for kor og instrument. På grunn av korona-situasjonen måtte den planlagte framføringa avlysast. Vi håper å framføre «Jazzmesse» i mai 2021.

Jubileumskomiteen

Roar Hallesby Evjedal, Andrew Holman, Knut Inge Johnsen, Elin Skaathun, Marie Bruarøy, Eirik Vangsnes og Edle Svendsen Lunde

GUDSTENESTE

Gudstenester i soknet

Gudstenesta er kyrkjelydens hovudsamling i veka.

Os kyrkjelyd har eit mangfaldig gudstenesteliv der vi har tre ulike typa hovudgudstenester: høgmesse, gudstenste med band og familiegudsteneste.

I tillegg er det ein gong i månaden eigen dåpsgudsteneste. Dei siste åra har tala vist en liten nedgang i gjennomsnittleg gudstenestedeltaking på søndagar. Alt dette gjeld normalår, og 2020 starta som eit normalår, der alle dei tre gudstenestetypene blei haldne jamleg. Så kom 12. mars, og alt vart snudd på hovudet. Mellom 12. mars og 24. mai kunne vi ikkje feira gudsteneste, og etter 24. mai har vi berre ha gudstenste med til dels sterke begrensningar. Dette har sjølv sagt gjort sitt til at det er nesten absurd å føra om statistikk for 2020. Talet på gudstenestedeltakarar er rett og slett så lågt i forhold til tidlegare år, at det ikkje har noko for seg å samanlikna. Nokre nøkkeltal er likevel viktige å ta med seg. Gudstenestetalet er inkludert eigne dåpsgudstenester som det vart ekstra mange av i 2020 då vi måtte ha gudstenester for ein og ein familie i nedstengingsperioden mars-mai og frå november og ut året.

		2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Os sokn	Gudstenester, sun- og helgedagar	110	108	109	109	105	102	103	103	111
	Deltakarar, gudstenester sun- og helgedagar	15755	15531	15827	16340	14225	15003	12786	12539	5557
	gjennomsnitt pr gudsteneste	143	144	145	150	136	147	124	122	52

Digitale sendinger i 2020 på YouTube-kanalen til Os Sokn			
sendt i opptak	Sett antal gongar	Direktesendt	sett antal gonger
17 digitale andakter	995	Julemess	290
Informasjon til nye konfirmantar	77	Julegudstenesta	240
Barnesamling	45		



Så er det og viktig å seie at vi fekk til ein del på gudstenestefronten. Nokre arrangement som er verdt å merka seg er:

- Festgudsteneste med markering av kommunesamanslåinga og som start på 150-årsjubileet til Os kyrkje 1.januar
- Mellom 12.mars og 17. mai hadde vi ei rekke digitale gudstenester. Av desse kan vi særleg trekka fram
 - *Familiegudsteneste palmesøndag*
 - *Gudsteneste kvar dag i påska*
 - *17. mai gudsteneste med song av Os mannskor*
- Avskjedsgudsteneste for sokneprest Margrethe Holmboe Askeland 21. juni
- 150-årsjubileumsgudsteneste 23. august
- Nyskriven folketonemesse av Norvald Kobbeltvedt 20.september. På denne gudstenesta vart og Roar Hallesby Evjedal sett inn som sokneprest
- 15 halvtimes konfirmasjonsgudstenester dei to første helgene i september
- Minnegudsteneste i begge kyrkjene 1. november
- Lysmesse for konfirmantane i Storsalen og på kyrkjeflaten 13. desember
- Seks gudstenester julaflytta. Ei av gudstenestene vart direktestrømma på Youtube.

Institusjonsandaktar

Året starta normalt med andaktar på institusjonane Luranetunet, Gamleheimshagen og Ravneberghaugen. Etter nedstenginga 12. mars var og institusjonane stengde for eksterne bidragsytarar som oss i kyrkjelyden. Difor blei alle institusjonsandaktar avlyste frå 12. mars. Men gjennom koronatida har prestane vore tilkalla til samtalar og omsorg for døyande på Luranetunet.

Også den tradisjonelle julaflyttansgudstenesta i kantina på Luranetunet vart avlyst. Denne vart flytta som ei ekstra gudsteneste i Nore Nesi kyrkje i staden.

Andre forsamlingar i Os

- Os fellesskapet er en menighet knytt til nettverket INFLUX.
- Salt-kirken har gudsteneste i Os annankvar veke.
- Misjonsforbundet har også ei aktiv menighet i Os
- Nytt av 2019 var at Normisjon starta opp Norkirken på Os, med gudsteneste 1xmnd
- Møte søndag formiddag er det også på bl.a Os bedehus
- I 2020 starta det opp eit økumenisk bønearbeid på leiarnivå.



Kyrkjelege handlingar

Folkekirkja har framleis rimeleg stor oppslutnad, men vi ser framleis at alternative val er populære.

Som med gudstenester ser vi ein kraftig nedgang i dåp og vigsla. Dette kan i stor grad forklarast med mange utsette vigsla, og at mange har venta med dåp pga. Covid 19. Korleis dette vil slå ut i 2021 og 2022 vil vera spennande. Det kan gje ei ny utfordring, særleg med tanke på dåp

Dåp: Dåpstalet fall dramatisk i 2020. Det har ganske sikkert noko med Covid 19 å gjere, at mange ikkje har døypt fordi dei ikkje kunne samla familie og vener. Det kan og ha med ein generell nedgang å gjere. Det treng vi eit normalår for å seie noko sikrare om.

Konfirmasjon: Talet på konfirmantar fall og ganske mykje i 2020. Det er for tidleg å seie om dette har med lite kull å gjere, eller om det er starten på ei ny trend.

Vigslar: I 2020 var det i utgangspunktet meldt nokre fleire vigslar enn i 2019, men pga. Covid 19 blei ein del vigsla utsett til 2021.

Gravferder: Langt opp mot 100 % kyrkja vel gravferd etter kyrkja si ordning, og er den einaste delen av kyrkjas verksemeld som har gått som normalt i 2020.

Det er eit privilegium for oss som kyrkjeleg å få vere med så mange av våre medlemmer ved dei store hendingane i livet deira

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
dåp	171	172	189	180	174	155	157	109
konf	176	172	185	164	153	154	171	139
vigsel	46	39	38	32	31	34	22	17
gravferd	104	106	83	106	99	87	88	107



Anna kyrkjelydsarbeid

Her er ei oversikt over anna kyrkjelydsarbeid som har føregått i 2020:

- Dei fleste samlingane i regi av Torsdag i Tunet, Senior-koinonia, Eldretreff, Søndagssamling og misjonsforeininga blei avlyst etter mars 2020 og ut året.
- Søndagssamling for psykisk utviklingshemma vart halde tre gongar i 2020; januar, februar og mars.
- Eldretreff heldt 4 møte i samarbeid med Os sanitetsforening i Kløvertun.
- Senior-koinonia med leiing av Per Torgeir Nilsen og ein god komité heldt 9 møte når ikkje smittevernet gjorde det uråd i 2020.
- Torsdag i Tunet hadde plana om variert og spennande program men fekk berre halde 4 møte i 2020.
- Trim for Tunet har møtast 10 gongar våren 2020 og 4 gongar på hausten. 20 deltagarar.
- Strikk i Tunet har sine møtar i Tunet kvar onsdag frå september til mai. I år møtast dei kun når smittevernstiltaka tillét det. Dei er en gjeng på 17 strikkeglade damer, og det vert strikka og sydd gevinstar til den årlege februar-basaren.
- Misjonsarbeidet står sterkt i kyrkjelyden. Vi har misjonsavtale med NMS og støtta arbeidet i England, Estland og Garden of Eden Kenya, både i forbøn og med pengar.
- Her er fleire aktive misjonsforeiningar for Det Norske Misjonsselskap (NMS). Her er også foreiningar for Norsk Luthersk Misjonssamband, Israelsmisjonen og det tverrkirkjelege Lærernes Misjonsforbund.
- Os Y's men har 36 medlemmer og har normalt eit møte kvar månad. Men i koronaåret har det vore langt færre treff-punkt da smittevernreglar har hindra dei og samlast. Forutan deira møter med ulike aktuelle tema til informasjon og drøfting, har klubben tatt på seg ulike dugnadsoppdrag; m.a. distribusjon av Kyrkjebladet. Inntektene klubben får vert i hovudsak gitt til støtte til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.
- Os KFUK-KFUM speidaren er ei aktiv gruppe på om lag 100 medlemer og leiarar. Rekrutteringa av nye speidarar går greitt, sjølv utan marknadsføring

ØKONOMI

Årsrekneskapen viser eit mindreforbruk på kr 193 108,-. Soknerådet har vedtatt at det bli avsett på fondet Kyrkjelydsbyggjande tiltak.

På grunn av sviktande leigeinntekt til Tunet vart kr 80.000,- brukt av bunde disposisjonsfond for at ansvarsområdet skulle gå i balanse.

INNTEKT

Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	-1 264 918
Refusjoner/Overføringer	-267 769
Statlige tilskudd	-48 000
Rammeoverføring/Tilskudd fra egen kommune	-40 000
Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd	-518 450
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	-1 101 781
Sum driftsinntekter	-3 240 918

UTGIFTER

Kjøp av varer og tjenester	1 191 496
Refusjoner/Overføringer	825 036
Tilskudd og gaver	149 692
Sum driftsutgifter	2 166 224
<hr/>	
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-1 074 694
<hr/>	
Renter og avdrag på Tunet	921 574
<hr/>	
NETTO DRIFTSRESULTAT	-153 120
<hr/>	
Bruk av avsetninger	-587 044
Avsatt til fond*	740 165
<hr/>	
Regnskapsmessig mindreforbruk	0

*kr 504 056,- til bundne fond, kr.236 108,- til disposisjonsfond, av dette kr.193 108,- til Kyrkjelydsbyggjande tiltak.



Gåverekneskap (gjevarteneste og einskildgåver)

	2019	2020
Gjevartenesta for ungd.presten	156 750	137 500
Antall gjevarar	40	42
Trinn III	384 800	430 200
Antall gjevarar	53	58
Trinn III	98 354	87 540
Div gaver		
Sum gåver	639 904	655 240

Gjennom året har det vore ulike aksjonar for å samle inn midlar til gode formål. Fasteaksjon, Misjonsmesse, Julemesse og Solidaritetsaksjon; samla beløp i underkant av 500 000 kr

KYRKJEMUSIKK

2020 var eit merkeleg år på grunn av korona-situasjonen. Frå 12. mars måtte alle aktivitetane avlysast. I samband med jubileumsår kunne vi ikkje halde ein stor korkonsert 15. mars.

Soknerådet valde ei jubileumsnemnd for å feire 150. års-jubileet av Os kyrkje. Nemnda skulle planleggje ymse arrangement gjennom året. Dei inviterte tre lokale komponistar til å komponere kvart sitt verk som skulle framførast i kyrkja.

Dei einaste konsertane som blei halde i 2020 var ein julekonsert i desember og ein nyårskonsert i Tunet.

Korarbeid

I samband med dei tre bestillingsverka for 2020-jubileet hadde vi to prosjektkor: eit til «Folketonemesse» av Norvald Kobbeltvedt og eit til «Jazzmesse» av Aasmund Brekke. Vi klarte å framføre «Folketonemesse» i september der Bjørnafjorden spelemannslag deltok og. Jazzmessa måtte utsetjast til 2021.

Tonje Hernes komponerte «Jubilate» for saksofon og orgel som blei framført i juni og august.

Ressursar

Under den nedstengde perioden på våren var det mange frå kyrkjelyden som stilte opp på musikalske andaktar. Desse andaktane blei kringkasta på Os kyrkjelyd si website og på Facebook.

Instrument

Orgelet i Os kyrkje er nesten 65 år gammalt og viser aldersteikn. Orgelet i Nore Neset kyrkje er i god stand. Pianoa i Os og Nore Neset kyrkjer og flygelet i storsalen er også i god stand.

Andrew Paul Holman
Kantor

TRUSOPPLÆRING

Målsetjing (strategiplan for Os sokn):

Skapa eit systematisk og samanhengande barne- og ungdomsarbeid som utviklar og styrkjer trua hos barn og ungdom, uansett funksjonsnivå.

Gjennom dette fremja medvit om kristen etikk, solidaritet og nestekjærleik.





Trusopplæring og undervisning

Innarbeidde tiltak:

1. Dåpsførebuing
2. Dåpshelsing til 1-åringar (spisebrikke)
3. Dåpshelsing til 2-åringar (CD)
4. Adventsamling med utdeling av adventsbok-kalender til 3åringar
5. Utdeling av 4-årsbok
6. Påskevandring 5-år
7. Utdeling av 6-årsboka
8. «Heilt førsteklasses» 7 år
9. Skapingsdagane 7-8 år
10. Tårnagent 9 år
11. Pinsevandring på Pilegrimsvis 10 år
12. Lys Vaken 11 år
13. Godheit i Sentrum 12 år
14. Konfirmantarbeid:

- a. Gruppeopplegg (7 ulike tilbod)

Nye grupper: Etter Skuletid og B-gruppa

- b. Undervisningssamvær: Seks temasamlinger i år, ei PULShelg

Sjølvstudie som «Nettkonfirmant» er ikkje undervisningsopplegg for alle i år.

Berre «Nettpratgruppa» nytter dette opplegget.

- c. Foreldrekontakt

Haust: Fyrste gruppесamling for både konfirmantar og foreldre.

Vår: Temasamling med info for alle foreldre.

Tiltak for 16-18 år vart ikkje gjennomført i år. Her må vi tenke nytt.

Os sokn har ein plan for trusopplæringstiltak frå 0-18 år.

Oppslutning om dei ulike tiltaka varierer litt frå år til år, men det er særleg tiltak retta mot barn som vi får mest respons/deltakarar til.



Innarbeidde tiltak:

Dåphelsing til 1- og 2- åringar

I 2020 gjekk desse tiltaka som vanlig. Endringa som blei gjort, var at dei som delte ut, ikkje ringte på dørene. Alle helsingane blei levert i postkassene. Det var 138 stk. spisebrikke og 155 stk. CD`ar til eitt - og to-åringar. Saman med gåva fekk dei med brev og helsing. Det er utsendingar vi send ein gong i kvartalet. Vi har 9 frivillige som tek ansvar for kvar sin krins (8 krinsar utifrå postnummer). Denne ordninga er evaluert, og det er positivt både for dei som køyrar ut, og dei som blir møtt heime med ei fin overrasking. Vi har 2 tiltaksfadrar som pakkar dåphelsingane klare til utsending. Desse to flotte frivillige har gjort oppgåva i alle år vi har hatt denne ordninga. Desse har nå gitt seg, så vi er på leit etter nye «pakkere»

Utdeling av adventsbok-kalender til 3-åringar

I koronatilstanden dette året, hadde vi planlagt for eit alternativt opplegg denne hausten. Barna blei invitert inn til Tunet i bolkar, der dei fekk utdelt adventskalenderen og stjerna som vi plar og lage. Denne kunne dei få lage heime. I staden for graut, så fekk barna ein kjærleik på pinne. 32 barn kom på ein laurdag i november.

Utdeling av 4-årsbok 40 barn har fått 4-årsboka dette året.

Det har vore endringar i utdelinga av 4-årsboka; vi har ikkje hatt undreturar dette året. Det har med korona og gjera, men og med endringar i stab. Vi har, i tillegg til tilbod om å få utdelt boka i kyrkja, også hatt tilbod om å få kome og hente boka på kontoret.

Påskevandring

Tiltaket er for 5-åringar. Dette er eit tiltak med ide frå England «Experience Easter».

Kyrkjerommet vert innreda som ei reise gjennom påskehistoria. Sjå, gjer og lær.

Vi riggar opp kyrkjerommet som vi plar.

I staden for den vanlege påskevandringa gjorde vi eit filmopptak. 5 episodar, for påskedagane.

Dette har blitt vist 2011 gonger.

Vi var 4 medverkande frå stab, 2 syngande barn og 1 stk. filmteam.

Utdeling av 6-årsbok

Utdeling av 6 års bok ved skulestart er eit tiltak som er gått ut. Det er fleire grunner til det, logistikk for stab og i kyrkjene. Dessutan er det slik at 6-åringane i Os kyrkjelyd har 2 andre tiltak knytt opp til seg. Denne boka får dei på «heilt førsteklasses» i staden for.

«Heilt førsteklasses»

7-åringane inviterte til 5 ettermiddagssamlingar på våren. Kvar samling varer 1,5 time, og innehold bibelforteljing, formingsaktivitet og mat. Dette var akkurat starta opp i mars, då nedstenginga i Norge skjedde. I 2020 var det 11 barn påmeldt. 1 tilsett og 2 frivillige formidlarar. Det blei ikkje noko alternativ løysing for dette tiltaket.



Skapingsdagane

Alle 7- og 8-åringane plar å bli invitert til desse flotte dagane til 3 dagar (kl. 9-15) med skaping saman med kunstnarar innan keramikk, dans, trommer, foto og maling.

Dette tiltaket klarte vi dessverre ikkje lage ei alternativ løysing for i 2020.

Tårnagentar

Eit nasjonalt opplegg, med innspel frå andre lokale variantar. Barna lærer å være gode agentar. Dei får nytte utstyr som forstørringsglas, prøve seg på fingeravtrykk, gå tur og få informasjon om tårnet og kininga. Politiet kom på besøk og hjelpte oss i arbeidet med å støtte gode agentar i samfunnet. Opplegget varte frå kl. 14-19 på laurdagen og på søndagen var det gudsteneste med tydeleg tårnagentprofil.

Hege Varhaug-Lekven og Gro Helen hadde hovudansvaret i samarbeid med prest. Dei fekk hjelp frå 3 engasjerte foreldre og 4 tiltaksfadrar. 45 barn deltok.

Pinsevandring på Pilegrimsvis

Tiltaket er lagt opp til ruinane ved Lysekloster og i stien bak. Speidaren har vore med og utarbeida tiltaket og delteke aktivt denne dagen. Vi har før 2020 opplevd litt lav oppslutning om dette tiltaket. I Korona-våren er dette eit av tiltaka som har blitt satt på pause. Dette tiltaket skal gjerast om på, slik at vi får eit tiltak som fungerer bra nok, til at fleire barn vil delta.

Lys Vaken

Dette tiltaket blei i 2020 satt på pause på grunn av smitteverntiltak. Det er mykje detaljer, og barna sovar, spisar og er tett i tett i et døgn. Dette var og etter anbefalingar frå soknerådet.

#MEG

Tiltak for 13åringar (7.kl.) Tema er: Identitet, sjølvbilde og kropp.

Gjennom leik, undervisningsbolt og refleksjonsaktivitet vert dette belyst i tre bolkar. Vi et saman og kvar ungdom vert fotografert av Knut Inge Johnsen. Dei får eit innramma portrett. Eit godt opplegg men variert deltaking.

Vart i år avlyst pga. korona.

Tiltaka for 16, 17 og 18 åringar vart ikkje gjennomførte. Vi vil tenkje gjennom desse tiltaka på nytt og finne nye måtar å nå desse aldersgruppene på. Dette er tidkrevjande arbeid. Det bør og vurderast om vi kan innby nokre eller alle desse gruppene til eit og same tiltak. Her var det igangsett eit arbeid, så kom pandemien og satt ein effektiv stoppar for arbeidet.



Medhjelparar:

Foreldre hjelper til med praktiske oppgåver i mange av tiltaka. Kjekt å sjå at tiltaksfadrar trivast med oppgåvene. Vi må fortsette å utvikle eit godt opplegg for å invitere og inkludere ressursar i foreldregruppa, konfirmantgruppa og kyrkjelyden generelt. Oppgåvene er mange og varierte og målet må være at dei som vil vere med kan finne sin plass.

Trusopplæringsutvalet TOU

Medlem i TOU er:

Edle Svendsen Lunde, Kay Even Hægland, Ingrid E Halland, Steinar Haugland, Nils Sørbø, Roar Hallesby Evjedal, Lars Joar Hilleren og Hildur Løkken Lillestøl og Hege Varhaug-Lekven.

Arbeidet

TOU har hatt 2 møter i 2020.

Fokus på:

Revidering av tiltaka i trusopplæringsplanen.

Grunna korona har det ikkje vore møteverksemd i utvalet sidan februar.

Hege Varhaug-Lekven

Trosopplærer



Konfirmantarbeid

Vår 2020 ,139 konfirmantar – 2019/20-kullet (64 % av medlemmene i årskullet)

GRUPPENAVN	Leiar*	VÅR 2020	KOMMENTAR
Join Us	IJH	13	
KRIKexplore	GHS+RHE	36	2 grupper
Konf Camp	LJH/HILL	65	
samanFORandre	IV	13	
Nettprat	KIA/SvH	9	
B-gruppa	HILL	12	Ny 2018/19
Etter SkuleTid	HILL	21	Ny 2018/19
Eige opplegg	HILL og MHA	4	Ny 2018/19

*IJH: Inger-Johanne Haugland

LJH: Lars Joars Hilleren

KIA: Knut Ivar Askeland

GHS: Gro Helen Skjælaaen

HILL: Hildur Lillestøl

SvH: Svante Havåg

RHE: Roar Hallesby Evjedal

IV: Ingrid Vik

MHA: Margrethe H. Askeland

Avslutninga på dette konfirmantkullet vart svært annleis grunna korona.

Koronapandemien slo til i mars og endra mykje på avslutninga av konfirmantkullet 2019/20. Ingen leirar vart gjennomførte og digital Fasteaksjon var nokre av dei store endringane denne våren. I tillegg vart alle konfirmasjonane flytta til dei to første helgene i september.

Likevel vart den digitale Fasteaksjonen – innsamlingsaksjonen til Kirkens nødhjelp - ein suksess, og våre konfirmantar hamna som 6. beste konfirmantgruppa i landet, av 200 sokn.

Vi gjennomførte 15 konfirmasjonsgudstenester, med maksimalt 13 konfirmantar i Os kyrkje, og 11 i Nore Neset kyrkje på kvar gudsteneste.

Informasjon/foreldremøte til nytt kull med konfirmantar var erstatta med eit webinar, av Hildur.

Våren/sommaren 2020 gjekk Hildur L. Lillestøl av som pensjonist, og Gro Helen B. Skjælaaen tok over som kateket i august 2020.



Haust 2020, 170 konfirmantar – 2020/21-kullet (83 % av medl. i årskullet)

GRUPPENAVN	Leiar	HAUST 2020	KOMMENTAR
Join Us	Malin N. Vangsnes Anette Emilie Gangstø	17	
Sportsgrupper 3 grupper	Gro Helen Skjælaaen Roar Hallesby Evjedal Svante Havåg	54	Ny 2020
Spel	Lars Joar Hilleren	21	Ny 2020
Frivillig innsats	Ingrid Vik	12	
Hobby - Forming - Matlagning - Mekking	Koordinator: Gro Helen Anne Line Bjånes (frivillig) Christine Halland, Mette Halver (frivillig) Knut Ivar Askeland (frivilig)	27	Ny 2020
Turgruppe	Sylvi Lundgren Linda Ekerhovd	39	Ny 2020
Sum		170	

Antall leiarar i konfirmantarbeidet haust 2020

Antall konfirmantar: 170

Stab: 7 stk

Frivillige: 7 stk

Ungdommar: 1-2

Konfirmantarbeidet haust 2020

Vi starta opp konfirmantkull 2020/21 helga 16. – 17.oktober, grunna utsett konfirmasjonar i førre kull.



Aktivitetsgrupper

Dei vart invitert til ein del nye grupper på våren. Sjå oversikt.

Og konfirmantar vart fordelt på desse, etter etterspurnad og ressurstilgang, tilrettelegging og behov.

Sportsgruppene (tidlegare KRIKexplore) auka antall og grupper.

Vi la til 2 turgrupper, for å imøtekomma dei som ønskte sportslege og uteaktive grupper.

Vi la opp til 4-5 samlingar i aktivitetsgruppa, grunna kort år.

Aktivitetsgruppene er særleg viktige med tanke på å skapa gode relasjonar og gjere dei trygge saman med oss leiarane, og det var viktig for oss å halda på dei fysiske møta så langt det let seg gjera.

Foreldremøte

Vi gjennomførte 4 fysiske foreldremøte i overgangen sept/oktober. 2 i Os og 2 i Nore Neset kyrkje.

Digital direktesending i februar.

Undervisning

Vi ante at hausten kom til å bli ustabil med tanke på kor mange og kor ofte vi kunne samlast, og valde dermed å bruke eit digitalt undervisningsopplegg frå IKO, som heiter DELTA. Vi ville fokusera på å kunne samle dei i dei fysiske aktivitetsgruppene – til fysiske samlingar der, og heller bruke ekstra timer og ressursar på det.

Undervisningsopplegget inneholder digitale lenker/samlingar som kateket deler med konfirmanten på epost. I tillegg følgjer det med ei skrivebok (KonfLogg) kor dei svarer på nokre spørsmål til samlinga. Desse tek dei bilet av med mobilen og sender inn til sin gruppeleiar. Dette har fungert bra. Det er alltid konfirmantar dette ikkje fungerer for, og som vi har brukt ekstra tid på å tilretteleggje for. Og så er det mange andre det er midt i blinken for. Bakdelen med eit slikt opplegg er at vi ikkje har hatt mogelegheit til å følgja det opp med samtale om tema i etterkant, saman med dei.

Her er ei oversikt over tema dei har vore innom i DELTA:

Før jul:
Kor viktig kan ei bok vere?
Kven er Gud?
Jesus døydde og stod opp. Kvifor?
Kven stoler du på?

Etter jul:
Hva skjer etter døden?
Kva ville Jesus?
Kva gir deg livskraft?
Kva tek vi med oss vidare?



Pulshelg

Utanom det digitale undervisningsopplegget, inviterte vi til gudstenestetema - PULShelg, som etter kvart endte opp som PULSlørdag. Grunna korona vart det eit heilt anna opplegg enn det vi har hatt før. Ei helg vart til to timer med gudstenesteundervisning, og praktisk gjennomføring av ulike gudstenestedeler.

3 av undervisningstemanne frå DELTA-opplegget knyta vi inn i PULSlaurdag:

Korleis vere saman med Gud? (bønn)

Nattverd; meir enn mat?

Kva kan VI gjere? (diakoni)

KonfLogg

Skriveboka vart også brukt som gudsteneste-loggbok. Konfirmantane tok denne med seg på gudsteneste, noterte frå gudstenesta og fekk underskrift av prest med ein gong. På denne måten hadde dei full oversikt sjølve på kor mange dei mangla.

Evaluering:

Dette konfirmantkullet har vore sterkt prega av pandemien. Mange aktivitetar har vore avlyst, som har gjort at gruppeleiar har møtt konfirmantane mindre enn vanleg. Konfirmantane har gått glipp av leir og anna store og kjekke fellessamlingar.

I tillegg har vi hatt mange konfirmantar med ekstra behov. Nokre melder frå ved påmelding, andre kjem til etter kvart.

Men dette er eit viktig arbeid, og vi har på trappene ein utarbeida plan for arbeid med konfirmantar med behov for tilrettelegging på ulike plan.

Gudsteneste:

Det har vore vanskeleg å samle mange til gudstenester, og vanskeleg å nå ut med informasjon til konfirmantane om korleis ein kan delta. Dei har fått tilbod om digitale andakter og gudstenester.

Vi inviterte dei til oppstartsgudsteneste med Ruben Gaski i starten, og gjennomførte Lysmesse ut på kyrkjeflaten i desember.

Trass koronapandemien har vi hatt rundt 9 frivillige med oss i gruppearbeidet. Det er vi særslig glade for.

7 stk inn mot Hobbygruppa, og 2 stk i Frivillig innsats og Spelgruppa.

Nokre deler av arbeidet har vi allereie vurdert endringar på:

Vi ønskjer å starte året med PULShelg, eller liknande gudstenestesamling for konfirmantane, kanskje i kombinasjon med presentasjonsgudsteneste. Årsaka til dette er at ei av hovudfolkane i konfirmantarbeidet handlar om å forstå og delta på ulike gudstenester i løpet av året. Og då ønskjer vi at dei skal ha eit godt utgangspunkt for det.

Så opplever vi at psykisk helse blir meir og meir viktig, og eg ønskjer at vi ser på korleis vi kan implementere denne kunnskapen inn i visjon og innhald i konfirmantåret.

Så har vi prøvd eit nytt undervisningsopplegg, som vi ser at kan vera nyttig å ta med seg vidare. Kanskje ikkje heilt slik vi har gjort det i år, men at vi brukar boka og noko av materialet vidare. Men i all hovudsak ønskjer vi å møta konfirmantane meir fysisk til undervisninga. Men ved å bruke dette DELTA materialet, sikrar vi oss at alle gruppene får det same innhaldet.

Gro Helen B. Skjælaaen

Kateket





Samarbeidande organisasjonar

Os kommune

Undervisning om kyrkjehistorie, kyrkjekunst/symbolikk og kyrkjemusikk er ein del av Os kommune/no Bjørnafjorden sin kulturplan. Og skulane samarbeider med kyrkja om undervisning om nokre læringsmål kring dette.

Samarbeid skule/kyrkje for 4. - 5. og 6. klassetrinn

Klasstesteg	Ansvarleg	aktivitet	Tema
4.kl	Kateket, organist	Kyrkjebesøk	Kyrkja, Innreiing og symbol
5.kl	kateket	Skulebesøk	Bibelen, oppbygging og innhold
6.kl	Kateket, organist	Kyrkjebesøk	Kyrkjearkitektur, -musikk, og - historie
Skulearr.	Prest, organist	Adventsgudst.	Advent og jul
Barnehage	Prest, kateket og organist	Krybbevandring	Juleevangeliet

Våren 2020 hadde Hildur 6.trinn på besøk i kyrkjene og hadde undervisning om kyrkjebygg og kyrkjemusikk.

Gro Helen har starta eit utdanningsløp på 3 år for å bli kateket. Ho har 10% studiepermisjon. Dermed vart det i haust avgjort at 10 % av arbeidsoppgåvene skulle ein få ekstern hjelp til å gjennomføra.

5.trinn – skulebesøk - vart utsett til våren grunna mangel på kapasitet ved avslutning og oppstart av to konfirmantkull.

4.trinn – kyrkjebesøk: Her kom Annie Andersen inn og tok imot elevar frå 4.trinn både i Os kyrkje og Nore Neset kyrkje.

Alle barnehage- og skulegudstenestene vart avlyste i år grunna korona.



ARBEID MED BORN

Her kjem ei oppsummering frå det kontinuerlege arbeidet for born og familiar i Os kyrkjelyd

LørdagsSprell

Året starta med Lørdagsprell den 8. februar. Då var det 36 barn og 23 vaksne som møtte opp, deltok og åt deilig graut i Nore Neset kyrkje. Det var satt opp fire samlingar i vårsemesteret 2020.

Etter denne samlinga vart det ikkje fleire samlingar i 2020. Konseptet passar ikkje med smittevernreglar (Covid 19) og har vert lagt på is resten av året. Det er planlagt å gjennomføre nye Sprell i 2021. Det har vert delt gudstenester, podcastar og anna åndeleg påfyll i Facebook-gruppa.

FredagsTaco

To samlingar i 2020. Den fyste var 17. jan då det kom 7 vaksne og 11 born. Den andre samlinga var den 3. feb der det kom 10 vaksne og 11 born.

Den 17. jan var heile samlinga i Tunet dette grunna oppussing av kyrkja. Grunna smittevernstiltak (C19) i kommunen har det ikkje vert mogleg å dele mat på denne måten resten av 2020. Det har vert delt gudstenester, podcastar og anna åndeleg påfyll i Facebook-gruppa.

Barnesamlingar Os

Den fyste barnesamlinga i 2020 var ei digital samling på facebook. Den vart lagt ut på fleire grupper og det var Gro Helen som laga den.

Når hausten kom fekk vi til eit vaksenleder møte og vi fekk satt opp datoar og ansvarlege for haustens samlingar. Det vart gjennomført 7 samlingar på hausten der den eine vart ei digital samling.

Samlingane har vore både i Nore Neset kyrkje og i Tunet. Flest samlingar i Tunet. Vi har hatt oppmøte rett på barnesamling i Tunet for at vi ikkje skulle ta opp plass i gudstenesta med born som skulle vidare på barnesamling *. Det har fungert greitt. Det har vore rundt ti born på kvar samling i Tunet.

Vi avslutta hausten med Lucia samling utanfor Tunet, med fyr i peisen, eit mini tog rundt kyrkjeflata, utlevering av lussekattar og varm saft. Denne samlinga vart ei familiesamling sidan ein ikkje kunne feire gudsteneste inne *.

*grunna restriksjonar for samling av folk under pandemtid

Barnekor i TUNET



ShubaDUs

ShubaDubs er vårt fantastiske familiekor. Barna er fra 2,5 år – 1. klasse.

1 frå stab er ansvarleg og 2 foreldre bidrar på leiing og musikk.

Vi synger, dansar, leker og et kvelds saman.

Våren 2020 var det 39 barn påmeldt, vi måtte da sette tak på 40 barn. Hausten var det 29 påmeldt.

I vår, da korona kom, måtte øvingane avlysast, og tilsett gjort en song-video-helsing heim til barna. Hausten starta vi opp igjen, men fann raskt ut at det var vanskeleg å gjennomføre smittevern i denne gruppa. Særleg då det er barn frå 12 ulike barnehagar. Øvinga blei igjen avlyst.

Tilsett har forsøkt å halde kontakt med foreldre og barn, via SMS og Facebook.

Vi søkte pengar frå Y'smen til refleksvestar, dei responderte med å gi 15 000 kr til Shabadubs og anna tiltak for barn i kyrkjelyden.

TUNET barn

TUNET barnekor er organisert i KFUK-KFUM og er koret for dei som går i 1.-4. klasse. Dette er ein song-glad gjeng med øvingar annankvar torsdag. Øvingane består av song, leik, ei lita historie og spelingu av diverse instrument.

Det har i 2020 vert gjennomsnittleg 13 medlemar, og det har vert 22 enkeltmedlemar i koret.

Når restriksjonane kom i mars vart det laga ein fin musikkvideo som ligg på FB-sida til koret. Eit av høgdepunkta dette året var å kunne møtast igjen når hausten starta. Endeleg kunne vi synge og spele saman igjen.

Det vart søkt om støtte til t-skjorter frå Stiftelsen Stendalen og desse t-skjortene er klare til å bli delt ut når det nye året startar.



Tweens

TweenSing

TweenSing hadde tett med planar i oppstarten av 2020. Året starta med mange medlemar. Dei fleste av kormedlemane i gjekk siste semester i sjuaneklasse, og det var på trappene med to band med tweens i litt meir spreidd alder.

9.februar deltok dei på UKM (Ung Kultur Møtes) som er eit offentleg kulturtiltak for ungdom mellom 12/13 - 20 år, i Oseana. Her var dei eit yrande liv med ungdommar som deltok med ulike kunstuttrykk; musikk, teater, dans, film, bilde og skulptur bla. 17 tweens deltok, med acapellasongen «I'll think of you». Acapella song (utan musikk), med Benjamin Renee Aase på cajon og 4 stykk i eit klapperytmekor. Kjekk opplevelse for oss alle!

Helga etter – 15.februar - opptredde koret på «Strikk til Tunet» sin årlege strikkebasar. Det var stort å bli invitert til å vera ein del av festprogrammet og underhaldninga på «Festkveld for nye Bjørnafjorden kommune» 6.mars, igjen i Oseana. Her opptrådde vi med ein song. 15.mars skulle det vore Jubileumskonsert i Os kyrkje, for å markere 150-årsjubileet. Men då var landet stengt ned.....

Vi hadde store planer med eit tweensband til denne våren. Olai Kobbeltvedt og **Aron** og Benjamin Aase hadde allereie vore i øving sidan oppstart denne våren. Men fleire stod klar til å danne eit band til; Mats Halland, Jakob Nøss Solskjær, Sigurd Barman Teige og Torjus Dahl. Dei rakk akkurat å vera med på ei øving, og delta litt på piano, gitar og trommer før vi måtte avslutte.

Resten av våren møttest vi fysisk berre til ei avslutning mandag 8.juni, i Nore Nest kyrkje, med avstand, men med bandøving, kor og leik ute.

I løpet av våren hadde vi 4 møter på Zoom-plattformen med prat, adjektivforteljing og Kahoot. Avslutninga vart den 9. juni med ei lita samling ute med natursti. Hausten starta då den nytilsette (Sylvi Lundgren) i kyrkja trådde til i midten av september. Det var då dirigent på plass (Maria Lade) og to frivillige band entusiastar (Simon Bjørnevik og Sten Raymon Aase). I tillegg har vi fått med ein band ansvarleg som er inne timebasert (Owen Weaver).

Det vart bytta kordag frå måndagar til onsdagar og det gjorde til at dei som er med i speidaren også kunne vere med i TweenSing.



Det har denne hausten vert ei stabil korgruppe på seks jenter (frå tre kohortar/skular/klasser/familiar). Jentene har med varierande hell bedd med seg fleire av veninnene sine for å få eit større kor. Lurer på om øvingane er samstundes med dansøvingar i kommunen. Det er to jenter som ynskjer å starte i koret når vi startar opp igjen til våren. Dei to banda som var på trappene i vår har vi klart å behalde halvparten og fått eit kjempe fint band av. Det er ei samansetting av ein på trommer, to på bass, og to på tangentar (som representerer to kohortar/skular/klasser/familiar).

Koret og bandet har øvd på kvar sine dagar, annankvar onsdag. Det var satt opp to opptrednar for haustsemesteret. Den eine vart avlyst, den andre vart gjennomført. Og har hatt to øvingar saman før dei opptredde på «julemarknadsdagane». Utan marknadsføring eller annonser møtte det likevel opp ein god del folk for å sjå og høre TweenSing synge ut gjennom glaset av Eldstova på Tunet. Smittevernsreglane sa at det ikkje var lov til å samle større forsamlingar så vi kunne ikkje å annonsere. TweenSing (kor og band) gjennomførte to musikkstunder med ein halv time pause mellom der utøvarane fekk servert julekaker og brus før ny framsyning. TweenSing vart filma den siste framsyninga, som vi i etterkant kunne dele på den private FB gruppa til TweenSing.

Det var nok ikkje den ultimate konserten, men det var ei framsyning som gjer at vi kan starte eit nytt år med nye songar og nytt mot!

Sylvi Lundgren
Kyrkjelydsarbeider/Barne- og familiearbeider

UNGDOM

Det er tre tiltak som reknast som kontinuerleg arbeid retta mot ungdom:, Join- us tensing, ULF (ungt leiarforum) samt Happeningane på fredagskvelden

Ungdomsarbeid

Ungdomsarbeidet i 2020 hatt utfordringar i forbindelse med korona. Dette til trass så har det blitt arrangert nokre få koronavennlege happenings. Dette er møter med sosialt samvær i etterkant. Det har vore varierande oppmøte. I 2020 var ungdomsarbeidar Lars Joar Hilleren i farspermisjon frå juni -desember, vikar for han var Malin Nøss Vangsnes.

For at konfirmantane skal få eit tilbod om vidare åndeleg vekst etter konfirmasjon, har me tilbod for dei som ynskjer å forsette i ungdomarbeidet.

Mange av tiltaka opp mot ungdom vart i 2020 anten avlyste eller utsette pga. covid-19. Det vart heller ikkje arrangert turar då dette ikkje var forsvarleg.

Revideringsprosessen som vart starta førre året opp mot trusopplærings er framleis under arbeid.

Join Us

Dette året har Joinus tensing blitt dirigert av Kristina Dale. Før nedstenginga var Joinus med på VF (vinterfestival på Voss) Det vanlege vårshowet vart det ikkje noko av sidan det då var innført restriksjonar. Nytt av året er det at alle einingane våre reiste på sosialweekend. Ungdomstunet, Join us og KRIK. Turen gjekk til skjærgardsheimen på Sotra. Her var dei 25 deltakara i tillegg til 4 ledarar.

Ungdomstunet

I 2020 vart det danna eit styre for happenings, dette er ungdomstunet. Her er styreleiar Martin B Slåttsven. Dei har ansvaret for å planlegge å arrangere happenings i samarbeid med ungdomsarbeidaren. Av happenings vart det gjennomført eit, det var Halloween.

Ungdomsarbeidet har etter ønske frå ungdomane bytta samlingsrom. Det nye rommet er det som tidligare var undervisningsrommet i 2.høgda på trinn 2. Her har dei funne seg godt til rett og sett sitt preg på lokalet.

ULF

ULF (Ungdoms leiar forum) som vart danna i 2017, har fortsett i 2020 og er eit viktig tilbod til ungdomen som har ansvarsverv inn i arbeidet vårt. Her var det mellom 15 og 20 ungdomar som møttest ein gong i månaden. På grunna av covid-19 har det blitt nokon digitale samlingar samt nokon samlingar utandørs.

LAN

LAN som vanlegvis plar arrangerast mellom februar og mars, vart utsatt til hausten. Det såg ei stund ut til at det kunne gjennomførast, men så kom andre nedstenginga og stoppa det. LAN er eit veldig populært tilbod som har mange engasjerte ungdomar med på driftssida. Dei har laga til ei nettside som går an og fylgje med på: www.oslan.no I tillegg til dette syter dei og for å lage turneringar mm for deltakarane.

Lars Joar Hilleren
Ungdomsarbeidar



Bilder frå sosialweekend hausen 2020



DAKONI

Diakoniutvalet i Os kyrkje har gjort sitt ytterste for å ivareta diakonien/omsorgsarbeidet i kyrkjelyden, saman med andre frivillige, stab, sokneråd, prest og kyrkjeverje. Det er i samsvar med den gjeldande diakoniplana for kyrkjelyden i en krevjande tid.

Diakoniutvalet; har hatt eit fysisk møte, og elles digitale møte etter koronanedstengning.
Utvalets hovudsatsingsområder frå diakoniplanen har vore:

- Internasjonal diakoni
- Samarbeid mellom etatar
- Ungdom
- Samtalar

Nytt i år er Open kyrkje og romjulsmiddag med matutdeling og utdeling av gåver/nokre gavekort.

Kirkerådet har støtta med digitale prosjekter; Språksprell med kr. 48.000.

Midlene gjekk til Språksprell: Maihelsing frå Os kyrkjelyd, Mestring av sosial isolasjon, Sammen låten, som no er laga dans til, Dikt; Når jeg ser deg i øynene, Venneveko film, og hva er diakoni (siste ikkje ferdigstilt

Internasjonal diakoni:

Språkkafe; 2 samlingar, eit fysisk møte med ressursgruppen før digitalesamlingar og tur. Leksehjelp og språkpraksis redusert.

Språkkafeen i Os på facebook: digital plattform i koronatiden.

Fisketur; høst og vår, Flerkulturelt Bjørgvin, diakon deltatt på digitale samlinger og et foredrag på biblioteket i Bergen.

Fasteaksjonen; Samla inn 146,211 kr i Os sokn.



Samarbeid tverretatlig

Språkpraksiselev: et skravlekopptreff i Salongen med sykurs, samtale og samvær i lunsjtider.
Sorggruppe med liten gruppe.

Ungdom

Leksehjelp redusert, konfirmantegruppa Frivillig innsats gjennomført m bl.a en del digitale opplegg, Venneveko for alle generasjoner. Leir på Voss før nedstengninga i mars.

Samtalar

Jevnlege sjælesorgsamtaler, skravlekopptelefonsamtaler/tur. Fysiske samtaler ved behov innafor smittevernsreglar. Redusert besøksteneste både heimebesøk og sjukeheimsbesøk. Samtaler over tlf. Digitale verktøy som maihelsing nådde Lurane og vart sendt på Midtsiden før 17 Mai.

Inolab; Tema om unge og einsemd, seinare tverretateleg samarbeid med sjølvmordsførebyggande arbeid.

Utfordringer:

Ansvar når det gjelder søndagssamlinger og kontakt med boliger har vore utfordrende dette året. Har vært 2 søndagssamlinger i NN og koinonia og eldretreff har hatt redusert antal samlingar.

Trosopplæringsstiltaka innafor diakoni #meg og godleik i sentrum har ikkje blitt avvikla.

Anna

Skaparverkets søndag, Diakonalt stoff til kyrkjelydsblad, medarbeidargudsteneste med forbøn i NN kyrkje i januar. Diakon deltok med å dele ut sponset mat, og gavekort til trengende i samarbeid med frivillige, Nav, Havnesjefen, Meny Psykisk helse, Crux vindfanget, Bjørnafjorden kommune, Amfi, Midtsiden og andre sponsorar.

Romjulsmiddag 27. Des.; Full middag med program i Storsalen; 47gjestar på første bordsete, og 9 på andre.

Ingrid Vik
Diakon

FRIVILLIGE OG ULØNA MEDARBEIDARAR

Det frivillige engasjementet har i mange år famna breidt i kyrkjelyden. Sjølv om 2020 vart anleisåret var det full fart fram til 12. mars. Denne dagen vart Noreg nedstengd.

Nær 200 frivillige opplevde frå 12. mars å ikkje kunne få bidra slik dei pleier på grunn av pandemien.

Mange har måtte reservere seg frå teneste på grunn av sårbarheit for Covid-19. Likevel har frivillige vore med i periodar kor vi har fått løyve til å feire gudsteneste. 17. mai-gudsteneste og nokre få gudstenester i sommar vart feira slik at sokneprest Margrethe H Askeland og kateket Hildur L Lillestøl vart takka av i juni, og Roar H Evjedal vart innsett som sokneprest i august. Soknerådet ordna med kaffi og «Kvit dame» i Storsalen etter gudstenestene.

Gudstenesta er navet i kyrkjelyds-livet, vanlegvis med frivillige som kyrkjevert, dåpsvert, tekstlesar, nattverdsmedhjelpar, kalkvaskar, Barnesamling-lærar, forsongarar og lovsongsband. Songarar og musikantar bidreg enkeltvis og saman. Kyrkjekaffi-vertar sørger vanlegvis for kyrkjekaffi etter gudstenesta.

Oppgåver for frivillige redusert til å notere på deltakingslister, passe på at alle som kom vaska hender i sprit før dei fekk gå inn i kyrkja, og rettleie for kor ein kunne sitje. Dei få gongane det var gudsteneste i haust reserverte presten lesepulten for tekstlesar så vi kunne få med frivillig som tekstlesar i gudstenestene igjen. Lovsongsteam og enkelt musikantar og songarar har også deltatt ved enkelte gudstenester. Barnesamlingar var det fleire av i Os i gjennom hausten og vinteren.

Konfirmasjonsgudstenestene flytt frå mai til september, vart svært mange på grunn av covid-19 restriksjonar. Dei frivillige medhjelparane stod i teneste over mange, korte, konfirmasjons-gudstenester, både i Os og Nore Neset kyrkje.

Dåpsgudstenester med ein og ein familie. Kyrkjetenar som dåpsvert. I tillegg til alt anna har kyrkjetenar vaska benkar og utstyr mellom alle dåpsgudstenestene, konfirmasjonsgudstenestene, julaftangudstenestene. Kyrkjetenarane fortener verkeleg ein plass i årsrapporten for all ekstra innsats dei har gjort. Takka vere framifrå innsats har vi ikkje fått spora nokta smitte frå våre samlingar!



Open kyrkje

Os sokn fekk løyve frå lokale myndigheter til å halde ope kyrkjehus i Os kyrkja nokre timar 1. påskedag og 1. mai.

Konseptet «Open kyrkje» vart diskutert blant dei frivillige vertane, som alle likte idéen. Då avtroppe kateket Hildur Lillestøl og mannen Tryggve vart utfordra, og dei tok på seg oppgåva, vart det i oktober etablert ei ordning med Open kyrkje kvar torsdag kl 17-19. Frivillige medarbeidarar vart rekruttert og styringsgruppe danna, som styrer tiltaket i samråd med stab.

Kyrkjelyden lever i håp om igjen å oppleve:

Kyrkjekaffi etter gudstenesta, kveldsmat på koret og på TITT, graut på Laurdagssprell og andre store arrangement, vaflar og hotdogs på 17.-mai og julemessan, middag på Koinonia, grillmat ved ulike sommarfestar. Før var det utruleg mange som leverte kaker, bollar, lefser, gjærbakst og vaffelrøre gjennom året. Strikka og leverte småplagg og anna nydeleg handarbeid. La oss håpe at vi opplever dette igjen.

Minnesamvær

I 2020 vart det halde 7 minnesamvær med til saman 304 gjestar. 15 frivillige leverte 26 dagsverk.

Med eineståande medhjelparar og flotte lokale er det fint å kunne tilby osingane å halde Minnesamvær i Tunet. Vi er svært takksame for våre frivillige medarbeidarar som står i denne tenesta. Soknet får inntekt frå lokalleige, oppdekking og brukte timeverk. La oss håpe på at dette tilbodet kan ta seg opp igjen.

Frivillige

Rart å skulle rapportere kor mange frivillige som har vore i sving i år, fordi mange har i periodar måtte halde seg heime. Likevel har mykje vorte gjennomført. Mange har gjort ein eineståande innsats. Likevel, ingen skal føle seg mindre verdsett sjølv om dei ikkje har vore i frivillig arbeid.

Gjennom året gjorde 40 frivillige teneste ved gudstenester i Os og 16 i Nore Neset.

37 frivillige har vore i sving i trusopplæringa 1-12 år her iblant eit Laurdagssprell og fleire barnesamlingar søndagar, Familiekoret Shabadubs, Tunet barnekor, TweenSing. Barneforeiningane på Søre Neset og Søfteland har ikkje vore aktiv dette året.

17 frivillige i Ungdomsarbeidet Join Us, Ungdomstunet og Ungdoms-KRIK

10 frivillige ungdommar ved to konfirmantsamlingar.



Diakoni

Rundt 50 frivillige har vore med i arbeid som Språkafe, Leksehjelp, Sorggruppe, Sorgsamling, Allehelgensgudsteneste, Fasteaksjonen, filminnspelingar, Fisketurar, og ikkje minst utdelinga av julematen som vart donert tett oppunder julafesta, og tillaging og gjennomføring av romjulsmiddagen. Svært gledeleg at både Meny, og Hamnesjefen stilte med pinnekjøt. Diakoniutvalet har 4 frivillige.

36 frivillige i Senior-Koinonia med 9 møter, Eldretreffet med 4 møter, TITT med 4 møter i 2020. 16 frivillige deltok ved Julemessan, i tillegg til alle som selde lodd. 200 loddbøker vart selde. 44 i komité og utvalsarbeid, her under soknerådet med alle utvala og musikkutvalet, komiteane for TITT, Julemessan og Solidaritetskonsernen. Sjølv om ikkje det har vore store samlingar har møter vore haldne, mykje på teams, saker vurderte og vedtak vore tatt. 35 frivillige er med i anna kyrkjelydsarbeid som NMS Fellesforeningen, Os YMC, Kyriake og Speidaren.

Konfirmantforeldre leverer bakst og stiller opp som sjåførar når det trengs.

Når eg ser alt som har skjedd i 2020, KORONA-året, er eg imponert. TUSEN HJARTELEG TAKK til alle frivillige som gjev av si tid til dette viktige arbeidet!

Inger-Johanne Haugland
frivilligkoordinator Os kyrkjelyd





Mediearbeid

I eit samfunn der «alle» kjempar om merksemd og vil nå fram med sin bodskap, er det viktig å finne gode måtar å nå fram til folk.

Kyrkjebladet når fram til alle heimar i Os og kjem ut med 4 blad årleg. Ulike tilbakemeldingar stadfestar at bladet vert generelt godt tatt imot og mykje vert lese.

WEB: Os sokn har web-sida www.kyrkja.no/os der vi kunngjer arrangement og informerer om ulike spørsmål og ordninger.

Facebook: (Os kyrkje). Her vert aktuelle arrangement/samlingar kunngjort. Ofte deler vi kunngjeringar frå web-sida me facebook.

YouTube: Då mykje blei digitalisert av andakter, gudstenesta og andre arrangement oppretta vi vår eigen youtube-kanal. Her blir det lagt ut andakter, digitale samling og videoklipp

Annonsering gudstenester og ulike samlingar vert til vanleg kunngjort gjennom lysingar i lokalavisa. Nokre samlingar er supplert med omtale på redaksjonell plass i avisat.





Mediegruppa

Etter ein vår med digitale andakter og gudstenester vart behovet for hjelp med det tekniske stort. I mai vart det sett ned ei gruppe som skulle definere behova, og i september vart gruppa oppretta.

Definert behov:

- Filme, redigere og strøyme gudstenester og andakter
- Lage filmar til ulike grupper/aktivitetar/trusopplæringstiltak, til konfirmantarbeidet og diakonale tiltak.
- Behov for ei mediegruppe/interessegruppe av folk som har digital kompetanse, og kan bistå kvarandre i digitale oppgåver. Både for vaksne og ungdomar.
- Behov for frivillig leiar i denne gruppa
- Behov for nokre i staben som kan ha koordineringsansvaret opp mot mediegruppa.
- Behov for folk som er villig til å bruke tid på, og kan sy de digitale opptaka sammen.

I september vart Mediegruppa oppretta, med fire frivillige og to frå staben. Styret består av dei fire, der Arthur Håkon Botnevik er leiar. Gruppa definerer seg slik:

- Ressursbank av folk med ulike ferdigheter innafor media; video/film, lys og lyd.
- Ressursgruppa skal arrangere kursing, opplæring og inspirasjonskvelder innafor media og produksjon.
- Bistand til kyrkjelyden med video/film, lyd, lys, - og på sikt også streaming.

Gruppa har tatt på seg fleire oppdrag; direktesending av julemessan i november og julegudsteneste julafstan. I tillegg til styringsgruppa var teknikarar frå Join Us og Ungdomstunet med på 'settet'.

Etter som slike digitale sendingar krev utstyr som kyrkjelyden ikkje eig, vart Ung produksjon (eit filmselskap frå Sælen menighet) hyra inn. Her fekk våre unge lovande prøve seg på kameraføring, redigering av filmklipp, lydkontroll osv.. Heilt ny erfaring i Os kyrkjelyd. Og ei heilt nødvendig utvikling i arbeidet vårt.

Styringsgruppa har definert behov for utstyr som på lang sikt vil kreve eit par hundre tusen i innkjøp, og på kort sikt rundt kr seksti tusen. Frå staben si side jobbast det kontinuerleg med søknad om støtte frå ulike hald.

Arthur Håkon Botnevik (leiar)

Inger-Johanne Haugland (koordinator frå stab)